Førsteblad

/

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Erfjord.

Emne: Lauving.

Bygdelag:

Oppskr. av: Gudmund Jårvik.

Gard:

(adresse): Vik i Erfjord.

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein lauvar enno i vår bygd. Lauvet reknar ein for åværet, alminnelegt for. Ein lauva under siste verdskrig.

2. I fjellbygdi lauvar dei i Rogbalen. Her nede med sjøen lauvar me etter slåtten, sume held på til mikkeli, dersom lauvet held seg grønt so lenge. Det er mest bjørk ein lauvar, ask vart og lauva mykje av. Raun og ösp lauvar me og litt av. Me kallar arbeidet for å laua.

3. Det er öks og lauvkniv me brukar når me laua. Her er ikkje noko reidskap til å böja ned kvistene me.
I eldre tider rispa dei aske lauv med hand i men det vart slutt med det for umlag 50 år sidan.
Har ikkje höyrt at dei hadde noko til vern for hadedi.

4. Når me lauvar bjørk hogg me alltid treet ned og kvistar av det med öks.

2245

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Her er kjydlekse av ask, alm og bjørkestuvar er her lite att av.
Askestuvane er her myksje av på sume gardar, og dei vart kylte fjorde kvart år, eller etter som ein venn på det.
For umlag 60-70 år sidan slutta dei med å lauva kydla bjørk.
Eg har berre set to-tre stuvar som står att her i bygdi.
Samuel Breivik, fødd 1910, fortalde at når dei lauva desse bjørke kydle-stuvane so let dei reningane verta eit eller to år gamle. Dei klauv upp i stuven og skar reninga av med ein lauv-sigd som ein skjer eit kornband. So batt dei yver det og hivde kjerven ned.
Dette lauvet vert rekna for å vera sers godt og næringsrikt lauv.
Denne framgangsmåten vart mykje nytta i eldre tider.
Kriotera åt dette lauvet betre enn anna bjørkelauv.
Askane er vel ein 10-15 år gamle når dei vart kylte.
Dei vert avhogde ei god karshøgd uppå. Det er for at krøttera ikkje skal nå i reningane.
Kydlestuvane står helst i innmark. I eldre tider kylte dei ask og litt eik i utmarki langt frå gardane. Ein kallar det for å kydla. Ein risper ikkje lauv dei åri ein ikkje kydler dei.

2245

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

3. Hydlestuvane vert ikkje inngjerd.
Men ein reknar askelauvet for å vera eit godt for so ein högg dei skjeldan ned. Dei står til dei vert holte og rudla enda sjölv.
I eldre tider lauva folk mykji meir enn no. Etter kvart som arbeidshjelpa har vorte dyrare og vanskelegare å få i so har det minka av med lauvingi. Men på dei fleste gardane lauvar dei kvart år.
5. Ein riapar ikkji lauv lenger.
Lauvhesjer nyttast ikkje her i bygdi. Når me lauvar bjørk fer åt på denne måten:
Me högg trea ner med öks og kvistar av kvisten med öksa. So sigdar ein av lauvet med ein lauvkniv (sume segjer lauvsigd.) So kjervar ein det i kjervar. Og ber det på fang inn i hus, eller ein höyjer det inn. Andre ber det til sjö og so förer dei det i båt til naust der set dei det upp til turk med rotenden ned. Det er på buhus, svålalemer og naustlemer at lauvet vert turka. Sume set lauvet upp uppå höystaen. Lauvet må vera doglaust når ein tek det inn. Difor lauvar ein berre i godver. Lauvet står slik i to-tre vikor so vert det lött i saman i lad. Er lauvskogen langt frå husa so stakkjer ein lauvet. Ein klyv upp i stakkbjörkane, högg greinene av: dei neste ein meter ut frå

2245

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

stammå. Dei övre greinene högg ein kortare di högare ein kjem. So hengjer ein lauvet inn på desse greinene med rotaenden upp. Ein kan få 100 - til 200 kjervv i kvar stakk. Ein legg ikkje hetta på dei. Desse stakkane står til dei vert turre so köyrer ein dei heim. og legg lauvet i lad. Lauvkjervar vert ikkje sett på staur som kornband. Men eg har set at sume har turka lauv på stenger som dei har lagt millom tre. Dei set då rotenden av kjervane saman yver stongi. Rundt stakkane tiver me lauvstyv. so ikkje kretturå skal koma burt åt dei. Har ikkje köyrt at nokon brukte talkjerv eller det andre som er nemt når dei talde lauv. Men dei rekna i lauvhundre 6 tjue (store hundre) sa dei og. Dette heldt seg til burt i mot år 1900.

Knut Smelavik. fødd 1862. fortalde at han lauva i Åslidi. det er 4 - 5 km dit. han rodde um morganane og kom heim att um kveldane med 120 lauv i båten. Lauvet sette han på naustlemen.

No reknar ein 100 lauvkjervar til dagen som godt arbeid for ein mann når det er lagleg lauvskog og snart å få det i hus eller stakk. Ein reknar umlag 15 kjervar med rått lauv som höveleg byrd. Ein kastar ikkje askelauvet og rakar det saman med kåi og berjar det. Heller ikkje surlauv er kjent her. Ingen turka lauvet i soli.

2245

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

5. 6. Når folk skal få lauv heim or ûtlödor eller nauotlemer so ber eller köyrer dei det heim.
Dei fleste köyrer det heim med same det er turt; men sume köyrer det heim på vinterføre. Dette gjeld serleg for fjellbygdi.
Löypestong vert og nytta til å löyppa råt lauv på.
Mansbyrdane er ûmlag 25 kjerv med turt lauv. Når ein flûtter på lauv so gjer ein det betre når det er lagvêr; for då er det seigare. og heng difor betre på kjervane
Er det kaldt og turt so vert lauvet hardt og skjøyrt so det brest sundt.
Ein har ikkje lauvdag nol i vår bygd
7. Det vert lauva både i inn og ûtmark. Karane högg og kvistar og sigdar av. Kvinone bitt lauvet saman til kjervar. Men eg har ikkje höyrt at kvennor har bore eller kjöyrt lauv.
8. Korleis ein oppbevarer lauvet heime er nemt oban for.
Det er sauer og geiter som får mesteparten av lauvet. Dei får alt bjørkelauvet. Dei som har askelauv nyttar det helst til kyrne.
Ein pla gi ein kjerv til kvar ku.
Sauer og geiter pla få ½ kjerv kvar.
Dei får skjeldan lauv meir enn ein gang ûm dagen.
Har höyrt folk fortelja at dei har fått.


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

geiter berre med lauv i men det er ikkje vanlegt.

9. Askelauv vert rekna for å vera sers godt for. Ospelauv og raunelauv held ein og for å vera godt for. Bjørkelauvet held ein og for å vera godt for, og det er det som vert mest nytta avdi at bjørk veks alle stader her. Dei andre lauvtreslag er her mindre av på dei fleste gardar.

10. Almelauv vert ikkje rispa til grisen.

11. Her fins ikkje samlauving i vår bygd.

Småbrukarar som har lite lauvskog sjølv får ofte lauva hjå garbrukarar som har mykje bjørkeskog. Dei får lauvet, og ofte lauvskogen, for at dei høgg bjørkene ned. Det er alltid skog som er nyttande til ved som dei får lauva slik. Skogeigarane slepp då fellinga.

B.

1. Rakelauv vert ikkje nytta til for. Har ikkje høyrt at det har vore nytta heller.

Men ein nytta rakelauv til andeber. Ein nyttar all slags lauv til det. Det vert raka saman med riva og bore heim i store sekker. Det ter helst kvinnor som rakar lauvet saman og ber det inn. Det er berre lauv frå skog på innmark som ein raka.

2245

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING